

ARBEIDSGRUPPE TILSKOT KULTUR, NÆRING OG FRITID

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport



1. Mandat og rammer

Arbeidsgruppa har som oppdrag å finne moglege reduksjonar i tilskot til lag og organisasjonar.

2. Organisering og gjennomføring

Knut Martin Edland	<i>Kommunalsjef</i>	Arbeidsgruppeleiar
Kristian W. Rantala	<i>Verksemdsleiar</i>	Arbeidsgruppedeltakar

Arbeidsgruppa har primært bestått av at kommunalsjef Kultur, fritid og næring har utarbeida framlegg til kutt i tilskot relatert til næring, medan verksemdsleiar Kultur og fritid har utarbeida framlegg til kutt innanfor museum, lag og organisasjonar og liknande.

3.0 Utgreiing

Vinje kommune deler ut ein del tilskot til næringslag, næringar, løyper, museum, lag og organisasjonar samanlikna med andre kommunar med same storleik.

3.1 Tiltaksomtale

Museum

Vinje kommune har sjølv vedteke å etablere Vinjesenteret og ta over Vinje forsvarsmuseum. I tillegg er Vinje kommune vertsskapskommune for fleire av Vest-Telemark museum sine lokale museum. Tilskotet til Vinjesenteret er på ca. kr 1 600 000 kvart år (indeksregulert), medan Vest-Telemark museum sitt tilskot er på ca. kr 1 200 000 kvart år (indeksregulert). Vinje forsvarsmuseum sitt tilskot er på kr 100 000 kvart år (ikkje indeksregulert). Det kan vere mogleg å sjå for seg ei gradvis nedjustering av tilskota til 40% reduksjon per museum.

Lag og organisasjonar

Det overførast i dag totalt kr 410 000 til idrettslag, lag og organisasjonar i Vinje kommune. Idrettslaga i kommunen får kr 50 000 kvar, og det er sett av ein pott med kr 260 000 til lag og organisasjonar fordelt på to søknadsfristar og to delordningar: ein for kunst og kultur og ein for idrett og fritid. Desse ordningane kan reduserast med 40%

Ungdomsklubbar

Ungdomsklubbane i Vinje får i dag kr 20 000 årleg i tilskot. I tillegg betaler kommunen husleiga til klubbane. På grunn av basistilskotet til husleiga så kan ein kutte ut ekstratilskotet på kr 20 000.

Prisar og stipend

Vinje kommune deler ut kulturpris og kulturpris på kr 20 000 kvar. I tillegg delast det ut idrettsstipend og kulturstipend på kr 25 000 kvar. Prisane og stipenda følgjer vedtekne retningslinjer, og er meint til å premiere og motivere innbyggjarar som gjer ein ekstra innsats innanfor kultur, idrett eller frivilligheit.

Tilskotsordningar for næring

Dette er ordningar som er politisk vedteke, etter både administrative og politiske innspel gjennom mange år. Ein gjennomgang av dette er naturleg, då ein har store årlege stønader.

3.2 Konsekvensar av tiltak

Museum

Ved å fjerne kommunale tilskot kan Vinjesenteret og Vest-Telemark museum risikere å miste regionale og nasjonale tilskot. Ved å redusere tilskot vil det framleis vere risiko for at regionale og nasjonale tilskot vert reduserte i takt med eventuell kommunal reduksjon. Dette vil føre til at musea må ned i aktivitet. For eit lite museum som Vinjesenteret kan dette gjere at ein kjem under kritisk masse for årsverk. For Vest-Telemark museum vil det føre til at dei må redusere aktivitet og at dei ikkje har ressursar til å forvalte kulturarven dei har ansvar for på vegner av Vinje kommune.

Lag og organisasjonar

Det finst mange ulike tilskotsordningar for lag og organisasjonar på nasjonalt og regionalt nivå. Lag og organisasjonar nyttar allereie desse. Difor vil ein reduksjon av kommunale tilskot generelt ikkje vere kritisk. Men slik tilskotsordningar ofte er sett opp, er det krav om lokal finansiering. Dersom kommunen ikkje har fria midlar til slike føremål kan me risikere at lag og organisasjonar som i dag får eksterne tilskot med bakgrunn i lokal finansiering ikkje får dette dersom lokalt finansiering fell vekk.

Ungdomsklubbar

Dersom me held fram med å finansiere husleiga til ungdomsklubbane bør ungdomsklubbane klare seg med ekstern finansiering

Prisar og stipend

Kulturpris og frivilligpris kan halde fram utan at det følgjer med prispengar. For kultur- og idrettsstipendet har det dei seinare åra vore lite søkjarar, og kan med det fjernast utan kritiske konsekvensar.

Tilskotsordningar for næring

For mottakarane er tilskotet ofte heilt avgjerande for deira eksistens og tilbod, som igjen kan føre til eit forringa tilbod til innbyggjarar, hyttebuarar og andre som vitjar oss. Ein må difor gjera nøye konsekvens analyse, i samband med endring av desse tilskota. Men som i alle andre forslag, må ein også her inn å sjå om det er mogleg å finne annan finansiering, samt gevinst via enklare, meir rasjonell drift, og eller om det er rom for litt lågare standard på tilbodet.

Oppsummerande tabell

Namn på tiltak i Arbeidsgruppa	Utdjuping av tiltak
1. Museum	Trappe ned tilskot til 40% reduksjon
2. Lag og organisasjonar	Trappe ned tilskot til 40% reduksjon
3. Ungdomsklubbar	Seie opp avtaler med private utleigarar slik at ungdomsklubbane må ordne med husleige sjølv, eventuelt flytte inn i kommunale areal.
4. Prisar og stipend	Avslutte kultur- og idrettsstipend. Fjerne prispengar frå frivilligpris og kulturpris, men halde på tildelinga.
5. Nedtrapping av ekstraløyving til løypekøyning	Allereie vedteke nedtrapping av løypetilskot.
6. Redusere løypebidraget generelt	Løypene er det viktigaste tiltaket ein har vinterstid iht hyttebuarar og vinjebuarar. Over 15 mill. total til løypekøyning, 5 mill. frå kommunen. Er dette kommunen sitt ansvar?
7. Redusere løyving til næringslag.	Trappe ned og fjerne støtta til næringslaga.

8. Redusere løyving til enkeltprosjekt og verksemder	Allereie vedteke fjerning/reduksjon av kommunale tilskot til næringsprosjekt og verksemder.
--	---

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppa sitt forslag til tiltak for å nå målsettinga. Tabellen har namn på tiltak, kvalifisert anslag på mogleg innsparing i 2027 og 2028 (når fullt implementert) og føresetnader for at tiltaket skal kunne realiserast i økonomisk innsparing.

Totale tilskotsbeløp frå kultur og fritid: 3,8 million.

Namn på tiltak	Innsparing (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
1. Museum	0	580	Dersom dette tiltaket skal realiserast bør det først greiast ut vidare for meir konkret avklaring på grunn av avtaleverk og ringverknader inn mot regional og nasjonal finansiering.
2. Lag og organisasjonar	50	164	Reduksjonen må formidlast ut. Søkbare midlar kan reduserast i 2027, tilskot til Idrettslaga bør ikkje reduserast før 2028.
3. Ungdomsklubbar	0	60	Formidlast i 2027 og implementerast i 2028 og vidare
4. Prisar og stipend	0	90	Formidlast i 2027 og implementerast i 2028
5. Nedtrapping av ekstraløyving til løypekøyning	400	2028 – 800 2029 – 1200 2030 – 1500	Allereie vedteke
6. Redusere løypebidraget generelt	750	2028 – 1500 2029 – 2250 2030 – 3000	Løypene er det viktigaste tiltaket ein har vinterstid med tanke på hyttebuarar og vinbygger. Over 15 mill. total til løypekøyning, 5 mill. frå kommunen. Men er dette kommunen sitt ansvar?
7. Redusere løyving til næringslag.	750	2028 – 1500 2029 – 2250 2030 – 3000	Redusere og til slutt ta vekk støtta til næringslaga si drift. Ein må kanskje tvinge fram kun eitt næringslag for heile kommunen, noko som fort blir rabalder og får omvendt effekt.
8. Redusere løyving til enkeltprosjekt og verksemder	1000	1000	Dette var eit tiltak for å ha ei ramme for støtte til enkelt verksemder i høve til etablering og utvikling. Det er ikkje oppatt løyvd i 2026. Klokkt med ei ramme, slik at ein har eit føreseieleg kostnadsbilete.

5. Oppsummering av heile arbeidsgruppa

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
1. Museum	Musea kan miste nasjonal og regional finansiering. Kan måtte redusere aktivitet og i verste fall leggje ned.
2. Lag og organisasjonar	Kan miste nasjonal og regional støtte

3. Ungdomsklubbar	Klubbane kan bli lagt ned
4. Prisar og stipend	Færre insentiv for å leggje inn god, samfunnsnyttig innsats.
5. Generelt om tilskot til nøring, næringslag, løypekøyning og enkelt-prosjekt og tiltak innanfor nøring	Det er vel fyst rett å stille spørsmål i høve til KVEN desse tiltaka vil ha desse verknadane for? Men generelt meiner me at det blir - Stor misnøye med konsekvens av at ein får fråflytting, færre grunnar til å vera i Vinje. - Stor innsparing, men av næringsfondet!? - Signal til næringsliv om at kommunen er ein mindre og mindre støttespelar med den uheldige konsekvens at ein ikkje har eit næringsliv på lag lenger. Masse symbolpolitikk som ikkje har substans. - Fare for at det ein har nådd til no, ramlar saman som eit korthus!

<i>Beløp i 1000 kr</i>	2027	2028	2029	2030
<i>Tiltak</i>	2950	5694	6694	9394

*alle tal er estimat og vil variere ut ifrå forhandlingsresultat og



